

Segn frå Flatdal



Gygrene

Fe lenge, lenge sea, i hedensk tid, budde det tri gygrur på fjølli i Flatdal.

Det seiest at dei var systrar, den eine heitte Tårån, den andre Glima og den tredje Signe.

Tårån og Steingrim, mannen hennar, budde på Skorve. Glima budde på Mælefjell, og Signe heldt til i Bindingsnuten. Dei tri gygrin´ sat på fjølli sine og bles på lur te einanen. Tårån hae mest ljom i luren sin. Det kom av at ho budde på Skorve, det største fjøllet.

Tårån og Steingrim hae mange dyr, både sauir og kyr. Ein dag var Steingrim ute og gjette buskapan. Då det kvelda, la han i veg heimivi att. Vegen utt te Skorve var bratt og ulend, og Steingrim var gamal og krank, så då han hae kome eit stykke på veg, gjekk det slik at han glei og datt nesten utafe. Tårån vart redd då ho såg detta. Derfor laga ho nokre store trøppetrinn i fjøllsida så det ikkje skulle gange gale med Steingrim. Trøppetrinni klora Tårån ut med bare fingan´. (Dei er gødt synlege den dag i dag i fjøllsida ovafor Flatsjå.)

Dei tri gygrin´ levde i fred og ro på fjølli sine i mange år, men så ein dag vart freden broten. Heilag Olav kom gjennom dalen. Han ville kristne følket og byrja på eit kyrkjebygg like onde Skorve. Dette lika kje Tårån. Ho tok te å kaste stein på kyrkja, men det hjelpte ikkje. Då kyrkja var ferdig, mana Heilag Olav alle tri gygrin i svevn.

Etter å ha søve i mange år, vakna Tårån. Ho kjende seg klaka og støl etter den lange svevnen. Då ho glodde ned i dalen, såg ho kyrkja. Ho låg nedpå sletta og lyste i solskinet. Tårån lika seg ikkje. Ljomen frå kyrkjeklokkun og salmesongen forstyrra henne. Det skar i øyro hennar, og ho krauna og klaga.

Te slutt ropa ho te Glima i Rupedalar. Og Glima var samd med Tårån i at kyrkja nedpå fløti var ein fæl ting, salmesongen og klokkeklangen ikkje mindre.

Men med Signe i Bindingsnuten var det ansless. Ho sat og lydte når klokkun kima te messe, og når kyrkjelyden song salmar, syns ho det var sers fint. Det enda med at Signe reiste ned te Flatdal for å gange te messe. Etter dette fekk ho namnet Ljose-Signe i Bindingsnuten.

Slik enda segni om dei tri gygresystan´. Tårån og Glima streid mot kristendomen, men Signe gjekk ivi frå heidenskap te den kristne trui.

Den kjende spelemannen Torkjell Haugerud heve laga tri slåttar etter denne segni, ein te kvørr av gygrin.

Sigurd Nes heve dikta diktet ”Draum” som byggjer på segnet om Tårån, Glima og signe.

Frå ”Folkeminne frå Telemark”